



# VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

## Melding om vedtak

Ivar Rugli  
Berdalsvegen 191

3890-Vinje

**Delegert sak nr. 19/88**

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
<b>SIGRIDBR</b>	<b>2019/1221</b>	<b>8969/2019</b>	<b>8/5</b>	<b>12.04.2019</b>

### **8/5 - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - Redskapshus Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 20-4.**

TILTAK: Driftsbygning  
TILTAKETS ADRESSE: Berdalsvegen 191, 3890 Vinje  
EIGEDOM: Gnr. 3 Bnr. 5 i Vinje  
MELDAR: Ivar Rugli  
TILTAKSHAVAR: Ivar Rugli  
BRA (NS 3940): 221 m<sup>2</sup>  
BYA (NS 3940): 231 m<sup>2</sup>

#### **VEDTAK**

**Søknaden vert godkjent.**

**Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.**

## SAKSUTGREIING

### Referanse:

Kommuneplan med, planident 20030003.

### Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 09.04.2019. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 09.04.2019, jf. saksmappenr. (jnr.) 2019/1221- med vedlegg.

Naboar er ikkje varsla på grunn av avstand.

### Tiltak:

Tiltaket gjeld oppføring av driftsbygning. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

*Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.*

### Ansvar i samband med tiltaket:

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket vert utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

### Vilkår:

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Byggje- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK17, kap. 9 og i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta).

### Handsamingsgebyr:

Løyve til tiltak – jf. PBL § 20-4:       kr. 5.350,-.

*Arealgrunnlag: BRA/BYA = 221 m<sup>2</sup>/ 231 m<sup>2</sup>*

*Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2019)for byggjesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.*

*Krav om handsamingsgebyr på kr. 5.350,- blir ettersendt.*

### Konklusjon:

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i Plan- og bygningslova. Klaga skal ein sende til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Sigrid Breiseth  
plan- og byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.